



STRYN KOMMUNE
MØTEBOK

VEDLEGG

04 12771-163

SAK	ORGAN	MØTEDATO
KS	Kommunestyret	
FO 002/05	Formannskapet	19.01.2005

Ref: 2004002065 -3 Ark. 024

Sakshandsamar: Harald Risnes

NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regioner. Fråsegn.

Presentasjon:

Utgreiinga frå Distriktskommisjonen – NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner. Rammes for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk" – er sendt på høyring.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Kopi av kapittel 7 – Konklusjoner og anbefalingar.
- Vedtak i Sogn og Fjordane fylkesting 07.01.05.

Ikkje vedlagt:

- NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner".

Saksopplysningar:

Ved kongeleg resolusjon den 7. februar 2003 vart Distriktskommisjonen oppnemnd for å gå gjennom heilheita i distrikts- og regionpolitikken. Utvalet la fram innstillinga si 12. oktober 2004.

Kommisjonen sitt mandat var:

- Vurdere "brei" og "smal" statleg politikk.
- Drøfte mål, verdigrunnlag og problemforståing.
- Føreslå innretning av den framtidige regional- og distriktspolitikken.
- Leggje grunnlaget for brei politisk forankring.
- Bygge på Effektutvalet si innstilling (NOU 2004:2).

Frå innstillinga:

Distriktskommisjonen anbefalar å legge følgjande **visjon** til grunn for distrikts- og regionpolitikken:

”Vidareutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom eit aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tenestetilbod i heile landet, med sikte på å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret.”

Overordna strategiar.

- Politikk for å møte endringar
- Vekt på den breie politikken
- Desentralisering av makt til folkevalde organ
- Utnytte handlingsrommet i den smale distrikspolitikken

To separate politikkområde.

- Regionalpolitikken med fokus på
 - Å gjere verdiskapinga i landet størst mogeleg
 - Å styrke samspelet mellom sentrum og distrikt
 - Territoriell samordning av bl.a. statleg sektorpolitikk
- Distrikspolitikken som skal
 - Kompensere for geografiske veksthindringar
 - Stimulere lokal tiltakslyst

Krav til styringssystemet.

- Forvaltning på lokalt og regionalt nivå må ha tilstrekkeleg makt og legitimitet
 - Til å gjere regionale prioriteringar ut frå heilskaplege strategiar
 - Inngå i forpliktande partnerskap
- Teritoriell samaordning av den ”regionale stat” er naudsynt for regional vekst og verdiskaping.
- Staten må ha det overordna ansvaret, ved å
 - Fastlegge distrikts- og regionaltpolitiske målsetjingar for sektorpolitikken
 - Ivareta omsynet til heilskapen
 - Sikre forutsigbare rammevilkår
- Valet står i realiteten mellom
 - Statlege regionar basert på samordna grenser og sterkare samordning mellom statlege sektorar
 - Eit styrka folkevald regionalt nivå.

Framtidig forvaltningssystem.

- 3-nivå modell
 - Dagens fylkeskommunar erstattast med sterke folkevalde regionar
 - Dagens fylkesmannsembete reindyrkast som tilsyns- og kontrollorgan
 - Modellen har størst legitimitet og er mest prioriterings- og kostnadseffektiv
- 2-nivå modell
 - Dagens fylkeskommunar vert avvikla
 - Dagens fylkesmannsembete erstattast med ein ny regional struktur som for eksempel kan leiast av ein politisk oppnemnd ”guvernør”.

Oppgåver for regionalt folkevald nivå.

- Infrastruktur og samferdsle
- Utdanning og forskning
- Næringsutvikling
- Kultur og idrett
- Kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning
- Mindre deler av helse, miljø, fiskeri, landbruk, a-etat.

Oppgaver på kommunalt nivå

- Framleis generalistkommunar
- Utvida oppgaver innanfor m.a.
- Næringsutvikling
- Stadsutvikling
- Arealbruk

Samspel mellom niva.

- Heilskaplege og fokuserte regionale plandokument som vitige premissar i den statlege planlegginga.
- Statlege rammer – gjennom lovgjeving, økonomi og styringssignal – som sikrar at nasjonale omsyn vert ivaretekne
- Dialog, forhandlingar og forpliktande avtaler mellom statleg og regionalt nivå
- Nye samarbeidsformer mellom region og kommune
- Partnerskap mellom region, kommune, statlege og private aktørar
- Trepertforhandlingar mellom stat, region og Sameting

Frå landbrukspolitik til bygdeutvikling?

- Internasjonale avtaler gjev nye rammevilkår
- Kan deler av landbruksoverføringane nyttast på ein annan måte – t.d. til
 - Grøn sektor?
 - Landbruksbasert bygdeutvikling?
 - Næringsnøytral bygdeutvikling?
- Bygdeutviklingsmidlar - forvalta regionalt?

Frå fiskeripolitikk til kystutvikling.

- Større vekt på verdiskaping ved
 - Auka marknasorientering i alle ledd
 - Auka vekt på landbasert verksemd
- Nye forvaltnings- og avtaleformer?
 - Regionale kvoter?
 - Ressursrente?
 - Nye avtaler mellom fartøy og landanlegg?

Ei planlov for auka trivsel og auka verdiskaping.

- Verne gjennom fornuftig bruk som forvaltningsprinsipp
- Ei planlov som åpnar for regional differensiering, slik at
 - Oslofjorden sine krav ikkje styrer resten av landet
 - Forvaltningsmynde leggjast til underliggende nivå

Verdiskaping basert på fortrinn.

Forslag innanfor:

- Andre viktige distriktsnæringar
 - Reiseliv
 - Industri
 - Energi
 - Petrolium
- Innovasjon og nyskaping
 - Entreprenørskapskultur
 - Utdanning og forskning
 - Kapitaltilgang

Geografiske satsingar.

Forslag innanfor:

- Lokalisering av statlege arbeidsplassar
- Samferdsle og infrastruktur
- Geografisk differensierte verkemidlar
 - Større satsing på den smale distriktpolitikken
 - Gjeninnføring av differensiert arbeidsgjevaravgift?
 - Bruk av "tiltakssone-verkemidlar" der det er behov?
- Samiske områder

Attraktive og livskraftige lokalsamfunn.

- Samsvar mellom kommunale oppgåver og kommunane sin økonomiske ressursar
- Rammefinansiering som bærande prinsipp
- Eit inntektssystem som tek omsyn til geografisk ulikskap
- Kommunal tilrettelegging for
 - Enkeltindivid si utfolding og skapartrøng
 - Menn og kvinner sine ulike behov/ynskje.

Vurdering:

Det vert vist til tilrådinga nedanfor. Tilrådinga bygger i all hovudsak på Sogn og Fjordane fylkesting si fråsegn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innstillinga frå Distriktskommisjonen viser at det er mogleg med ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk. Innstillinga dokumenterer at Noreg har eit stort handlingsrom i distriktpolitikken. Det er opp til norske politikarar å ta heile Noreg i bruk, gjennom ei aktiv tilrettelegging for å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet. Vekstkraft må mobiliserast nedanfrå. Politikken må utformast nedanfrå og ha ei demokratisk forankring.

1. *Mål og strategiar.* Stryn kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktpolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken. Distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar og resultatkrav må på nytt bakast tydelegare inn i sektorpolitikken. Dei ulike sektorane må sjåast meir i samanheng enn i dag.
2. *Styringsstruktur.* Stryn kommune sluttar seg til kommisjonen si anbefaling om forvaltningsstruktur og oppgåvefordeling, under dette trenivå modellen i samsvar med fleirtalet si innstilling.

Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing. Lov og regelverk må tilpassast samarbeid kan bli effektivt. For å betre kommunane sine mulegheiter som aktiv samfunnsplanleggar og –utviklar, må kommunane sin økonomi/handlingsrom styrkast. I regionalt utviklingsarbeid er det viktig med godt samspel mellom kommune og region. Kommunane må ha innflytelse på utviklinga av politiske strategiar og verkemiddelbruk på regionalt nivå. Det er viktig å få til gode, regionalt tilpassa samhandlingsprosessar mellom kommune- og regionnivå.

3. *Verdiskaping i viktige distriktsnæringar.* Innanfor dei ulike sektorane (pkt 7.4.3) vil Stryn kommune
- tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltingsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar. Kommunane bør gjevast friheit til å gjere vedtak i fleire plan- og reguleringssaker.
 - støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.
 - støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponeringar av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følge av nye internasjonale reglar, bør kanalisert til landbruk og bygdeutvikling. Dersom ikkje dette er mogleg bør midlane brukast til andre utviklingstiltak i dei områda som vert ramma.
 - støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd.
 - Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.
4. *Innovasjon og nyskaping.* Stryn kommune støttar tilrådingane i høve auka innovasjon og nyskaping (pkt 7.4.4) Ein vil særskilt påpeike det viktige i å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa og å sikre grunnlag for ein entreprenørskapskultur på alle trinn i utdanningsløpet. Fylkestinget støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.
5. *Utvikling av attraktive og livskraftige samfunn.* Stryn kommune støttar fleirtalstilrådingane i pkt 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompensert for ekstra kostnader i høve demografi og avstand.
6. *Samferdsle og anna infrastruktur.* Stryn kommune støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet. Ferjene må på sikt bli gratis.
7. *Geografisk differensiering av verkemidlar.* Stryn kommune støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.
8. Stryn kommune vil tilrå at det vert oppretta eit nasjonalt senter for småsamfunnsutvikling, lokalisert til Sogn og Fjordane. Senteret skal m.a. drive nettverksbygging og positiv erfaringsutveksling mellom småsamfunn og kan utpeike pilotbygder som får spesiell oppfølging ein periode.
9. Stryn kommune viser til Effektutvalet (NOU 2004:2) si påpeiking av at innsatsen på dei distriktpolitiske områda er sterkt redusert på dei fleste område dei siste ti åra. Utvikling av livskraftige distrikt og regionar må sjåast som investering for framtidige inntekter i vår

nasjonale økonomi. Råmene for den smale distriktpolitikken må difor aukast og distrikts- og regionalpolitiske mål må gjevast økonomisk oppfølging i sektorpolitikane.

10. Stryn kommune ønskjer ei forvaltningsreform med større makt til regionalt og lokalt nivå. Eit regionalt folkestyrt leiarskap er garantisten for ein heilskapleg og samordna politikk. Ein politikk som er regionalt tilpassa og samordna er meir treffsikker i høve utfordringane og difor meir effektiv
11. Det er ein føresetnad at mynde og midlar må følgje oppgåvene, slik at regionar og kommunar vert i stand til å ivareta sitt ansvar. Dette vil, for dei ulike oppgåvene, variere med omsyn til totalansvar, bestillaransvar og samordningsansvar.
12. Stryn kommune vil streke under at nærleiksprinsippet – at offentlege avgjerder vert teke så nær dei det vedkjem som mogeleg - bør leggst til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåvene som kan leggst til kommunane bør desentraliserast til lokalt nivå. Det er viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å kunne vere ein aktiv utviklingsaktør.
13. Det må leggst opp til ei styrka samordning innanfor faste geografiske grenser av statleg sektorpolitikk på regionalt nivå. Staten si regionale organisering må tilpassast den eventuelle nye inndelinga i folkevalde sterke regionar.
14. Endring av fylkesgrensene med sikte på eit styrka regionalt direkte folkevalt nivå på bekostning av statleg mynde kan berre skje etter grundig debatt i dei berørte kommunar og -tilslutnad i gjeldande fylkeskommunar. Som ledd i den lokalpolitiske debatten kan folkerøysting vere eit eigna verkemiddel. Statens rolle i prosessen vil vere å klargjere oppgåvefordelinga mellom statleg og regionale nivå.

Handsaming i Formannskapet 19.01.2005.

FO-002/05 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

Sign.

Harald Rishes

- sekr. -

Utskrift sendt til:

Kommunal- og regionaldepartementet, Oslo.
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Leikanger.
KS-Sogn og Fjordane, Førde.